

Lembinga er for mange vårens vakraste eventyr.


09.04.2020



Lamma vert samla for god varme og godt stell.

Lembinga er i full gang, i alle høve for dei som driv med sau nede i Uskedalen. På Musland og Fjellandsbø tek lembinga til kring 12. - 14. april. På Kjærland Gard hos Margun Eik og Anbjørn Høivik er det 40 drektige sauer og ein er så langt ferdige med vel ein tredjedel av desse. Mange har kome med trillingar, men det plar jamna seg ut etter kvart. Snittalet er 2,2 lam pr. sau.

Hos Margun Eik og Anbjørn Høivik på Kjærland tok lamma til 1. april. Rasen er NKS, dvs. Norsk kvit sau, og det har som sagt vore mykje trillingar til no. Det største lammet så langt er eit verlam med ei fødselsvekt på 7,7 kg.



Eit nyfødd lam blir sleikt av mora.

Møyfrid Kristoffersen fortel frå søre Musland at det er valeg å venta litt med lembinga, dette fordi våren kjem til vanleg ei veke seinare enn nede i dalen. Det er viktig med gode vårarbeite. Difor går ein med veren kring 18. november og sjølvle lembinga kan ta til i midten i april. Sauer med lam bør ikkje stå inne meir enn ei til to veker.

Møyfrid persierer at det er mannen hennar, Anders, og sonen, Andreas, som driv og har kunnskapane om sau. Anders har drive med sau i 60 år. Sonen med familie overtok drifta i 2013.

På søre Musland var 101 sauver til ver. Av desse er 96 lambtunge.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Anbjørn Høivik - Kjærland Gard



Etter kort tid finn lammet fram til god og næringsrik mjølk.